



Arkivnr: 2018/10507-12

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		25.10.2018

### Bruk av restmidlane i LUK-fondet

#### Samandrag

Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) var ei satsing finansiert av Kommunal- og moderniseringsdepartementet frå 2010 til 2014. Formålet var å styrke fylkeskommunen si rolle som aktiv rådgjevar og støttespelar for kommunar med utviklingsbehov. I Hordaland vart denne satsinga gjennomført med noko lågare kostnader enn planlagt, og unytta midlar er sett på fond. Status pr. 1. oktober 2018 viser at det er 1.922.976 kroner i LUK-fondet. I Budsjett 2018 – Regional går det fram at det skal fremjast sak til fylkesutvalet om nye tiltak knytt til bruken av LUK-fondet.

I denne saka vert det foreslått å overføra restmidlane i LUK-fondet slik at 1.492.976 kroner går til påfyll av Regionale Etablerarfond 2018, og 200.000 kroner går til utgifter knytt til Kom`an-konferansen i 2018 og 2019. I tillegg vert det føreslått å setja av 250.000 kroner til Hordaland fylkeskommune si delfinansiering av nye nettsider med oppdatert informasjon etablerertener i kommunar og fylke.

**Økonomi:** Ingen effekt på driftsresultat, lånegjeld og disposisjonsfond

**Klima:** Ingen effekt på klimaet

**Folkehelse:** Tiltak som bidrar til nye arbeidsplassar er viktig for folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Dei regionale etablerarfonda bidrar til å «*auke nyetablering og framtidsretta verdiskaping i næringslivet*», som er ein av strategiane knytt til hovudmålet om «*Høg sysselsetjing*».

#### Forslag til vedtak

Følgjande tiltak vert finansiert med overføring av restmidlane i regionalavdelinga sitt LUK-fond:

1. Den økonomiske ramma for Regionale Etablerarfond 2018 vert utvida med 1.472.976 kroner.
2. Det vert sett av 200.000 kroner til finansiering av Kom`an-konferansen i 2018 og 2019.
3. Det vert sett av 250.000 kroner til oppdatering av nettstad for etablerertener.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 26.09.2018

### Bakgrunn

Fylkesutvalet vedtok i sak 55/2018 den 22. februar 2018 å vidareføra ordninga med tre regionale etablerarfond. Det regionale etablerarfondet skal nyttast som eit målretta tilskot på inntil 50.000 kroner til ny-etablerte verksemdar. Tilskota skal vera i tråd med nasjonale og regionale retningslinjer, og målsetjinga er å få til ei offensiv satsing på nye gründerverksemdar. Fonda vert forvalta av regionråda gjennom Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS, Hardangerrådet IKS og Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Den totale ramma for fonda var 3 mill. kroner for 2018. Pågangen frå gründerar som vil starta nye verksemdar har vore stor, og fondet vart tømt allereie i april 2018. Den økonomiske ramma vart difor utvida med 1 mill. kroner med ei tilleggsøyving frå LUK-fondet 31. mai 2018 (PS 138/2018). No er også desse midlane fordelt, etterspurnaden er framleis høg og det ligg fleire søknader på vent.

Kom`an-konferansen er ein arena og møteplass for dei i kommunane, eller som på vegne av kommunane arbeidar med næringsutvikling, entreprenørskap og etablerar-rettleiing. Konferansen er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Noreg og Fylkesmannen i Hordaland.

Nettstaden kom-an.no er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og Innovasjon Norge, der det vert informert om etablerertenestene i kommunar og fylke. Både fylke og fleire kommunar er no i endring som følgje av samanslåing og omorganisering. Det er derfor behov for oppdatering av informasjonen om etablerertenestene i vår region.

Felles målgruppe for alle tre tiltaka er eldsjeler og gründerar i Hordaland som treng hjelp for å kome i gang med ein bedriftsidé eller eit prosjekt.

### Tidlegare vedtak i saka

Fylkesutvalet vedtok 31. mai 2018 i PS 138/2018 «Tilleggsøyving til Regionale Etablerarfond 2018» å overføra 1 mill. kroner frå LUK-fondet til Regionale Etablerarfond i Hardanger, Sunnhordland og Bergensregionen. Fordelinga mellom regionane er som fylgjer:

Region	Kommunar	Sum budsjett	Tillegg 31/5
Etablerarfond for Sunnhordland	Austevoll, Bømlø, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes	594 000	198 000
Etablerarfond for Hardanger	Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik	438 000	145 000
Etablerarfond for Bergensregionen	Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Fusa, Gulen, Masfjorden, Lindås, Meland, Modalen, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Sund, Vaksdal, Voss og Øygarden.	1 968 000	657 000

### Status for etablerarfonda 30. september

Status for det største etablerarfondet, Etablerarfondet for Bergensregionen, viser at heile løyvinga for 2018 er fordelt. Det ligg 16 søknader om ca. 800.000 kroner i etablerarstøtte på vent, som ikkje er handsama. Også Etablerarfondet for Hardanger har fordelt si løyving, og også der er det fleire søkjarar på vent. Når det gjeld Etablerarfondet for Sunnhordland, vert det meldt at dei truleg vil klare seg med midlane som er tildelt i år.

### Fylkesrådmannen si vurdering

Ei tilleggsøyving til dei regionale etablerarfonda, samt finansiering av Kom`an-konferansen og oppdatert informasjon om etablerar-tenestene er fornuftig bruk av restmidlane i LUK-fondet. Dette er også i tråd med formålet knytt til den opphavslege satsinga på lokal samfunnsutvikling i kommunane. I og med at det er ulik etterspurnad i dei tre etablerarfonda, vil fylkesrådmannen tilrå at midlane i hovudsak vert tilført Etablerarfondet for Bergensregionen, sidan det er i kommunane frå denne regionen det er størst pågang av søkjarar.